



Bjørn Olav Tveit under den politiske streiken for nokre dagar sidan

Uskedelingen Bjørn Olav Tveit går snart av etter 8 år som leiar i Utdanningsforbundet i Kvinnherad, Valet skjer under årsmøtet 13. mars, men Tveit vert i vervet ut juli. Han har kombinert det lokale vervet med ei halv stilling frikjøpt som fylkesstyremedlem i forbundet. Tveit stillar no til val i ulike verv i fylkeslaget, mellom anna som leiar i medlemsrådet for grunnskulane.

Han har hatt 8 spennande år der han har samarbeidd med mange engasjerte tillitsvalde om å utforma forbundet sin politikk og han seier til Kvinnheringen at røystene frå Kvinnherad har vorte lytta til.

Men Tveit har ikkje vore samd med med det med det politikarane har gjort fordi det har gått utover skulekvaliteten og dei svakaste gruppene. Han meiner politikarane har hatt høve til å kutta mildare.

Tveit har i dei seinare åra vore sterkt engasjert i lokalsamfunnet på ei rekkje områder, ikkje minst Festidalen og friluftsansjasjonar. Han er ein uredd og konstruktiv representant for Uskedalen.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Tor Inge Døssland